



Arkivnr: 2015/11453-204

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		12.09.2019

### Revidert instruks for lokal klagenemnd for fagskular i Hordaland og Sogn og Fjordane

#### Samandrag

Etter endringar i fagskulelova og fagskuleforskrifta er det naudsynt å revidere instruks for lokal klagenemnd for fagskular. Som tidlegare meldt til styret ønskjer også Fagskulen i Sogn og Fjordane å vere med i ordninga om felles lokal klagenemnd for fagskular. På bakgrunn av dette vil klagenemnda verte kalla lokal klagenemnd for fagskular i Hordaland og Sogn og Fjordane.

#### Forslag til vedtak

Styret vedtek ny instruks for lokal klagenemnd for fagskular i Hordaland og Sogn og Fjordane slik det kjem fram av saka.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Adeline B. Landro  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 27.08.2019

Etter endringar i fagskulelova og fagskuleforskrifta er det naudsynt å revidere instruks for lokal klagenemnd for fagskular. Som tidlegare meldt til styret ønskjer også Fagskulen i Sogn og Fjordane å vere med i ordninga om felles lokal klagenemnd for fagskular. På bakgrunn av dette vil klagenemnda verte kalla lokal klagenemnd for fagskular i Hordaland og Sogn og Fjordane.

### Forslag til endringar

Det vert føreslått endringar i referansar til paragrafar i fagskulelova på bakgrunn av endringar i fagskulelova. Dette gjeld §§ 24 – 27 og § 43. Dette viser til den lokale klagenemnda si mynde til å gjere enkeltvedtak i saker fremma av fagskulen. Paragrafane er som følgjer:

- § 24 Annulling av eksamen eller prøve
- § 25 Bortvisning og utesettelse
- § 26 Vurdering av skikkethet
- § 27 Krav om politiattest
- § 43 Forbud mot bruk av klesplagg som helt eller delvis dekker ansiktet

§ 43 er ei ny paragraf og ved brot på denne føresegna kan rektor fatte vedtak om bortvisning, medan det er styret eller den lokale klagenemnden som fattar eventuelt vedtak om utesettelse dersom vedtak om bortvisning ikkje vert følgjt.

I høve til klager på opptak er det, etter innføring av Samordna opptak, den nasjonale klagenemnden som skal handsame desse, med unntak frå klagar på opptak basert på spesielle opptakskrav eller på bakgrunn av realkompetanse. Instruksen er derfor endra til å gjelde klagar på opptak med spesielle opptakskrav eller på bakgrunn av realkompetanse jf. fagskuleforskrifta § 43 a.

I høve til § 26 om skikkavurdering så er ikkje dette nytt i instruksen, men praktiseringa av skikkavurdering har ikkje vore gjort før. Årsaka til det er at det måtte ligge føre ein forskrift frå Kunnskapsdepartementet med nærmere føresegner først. Dette er no på plass i den nye fagskuleforskrifta, og den lokale klagenemnden kan no få tilsendt slike saker.

Forslag til ny instruks for lokal klagenemnd for fagskular i Hordaland og Sogn og Fjordane er som følgjer:

### Instruks for lokal klagenemnd for fagskular i Hordaland og Sogn og Fjordane

Styret for Fagskolen i Hordaland, styret for Høgskulen på Vestlandet (godkjent av rektor ved HVL), styret for Kunstskolen i Bergen og styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane (heretter omtala som fagskulane) vedtek instruks for felles lokal klagenemnd.

Fagskulane opprettar lokal klagenemnd med 5 medlemmer med personlege vara. Leiar og vara for leiar skal fylle dei lovbestemte krava for lagdommarar og ikkje vere tilsett ved fagskulane. To av medlemmene skal vere studentar. Den lokale klagenemnden innrettar seg etter fagskulelova og føresegner i forvaltningslova om habilitet i §§ 6 til 10, og om teieplikt i §§ 13 til 13 e, samt forskrift for Fagskolen i Hordaland, forskrift for Yrkesdykkerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, forskrift om opptak, studier og eksamen for Kunstskolen i Bergen og forskrift for Fagskulen i Sogn og Fjordane.

Den lokale klagenemnden skal handsama klager som er fremma etter enkeltvedtak gjort ved ein av fagskulane som underinstans (til dømes klager på opptak på bakgrunn av spesielle opptakskrav eller realkompetanse, avslag på søknad om fritak og godskriving, formelle feil ved eksamen mm.). Vedtak som er fatta av den lokale klagenemnden i saker om fagskulane sine enkeltvedtak er endeleg og kan ikkje påklagast.

Den lokale klagenemnden kan også fatte enkeltvedtak på vegner av styra etter §§ 24 – 27 og § 43 i fagskulelova. Enkeltvedtak etter desse paragrafane vert gjort etter at sak er fremma av ein av

fagskulane. Den lokale klagenemnda er underinstans, og den nasjonale klagenemnda for fagskuleutdanning er klageorgan for klager etter desse paragrafane.

Forvaltningslova kapittel III til VI og VIII gjeld for avgjelder om opptak, avsluttande vurdering, annullering av eksamen, bortvising, utestengning, skikkavurdering, innpassering og fritak.

I saker der ein av fagskulane er underinstans skal fagskulen sørge for at klaga er ordentleg belyst. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga utfører sekretariatsfunksjonen for den lokale klagenemnda i alle saker.